

## Media

Arnhild Skre, Aftenposten

Tusen takk for invitasjonen til Språkrådets seminar over spørsmålet ”Nye veier i norsk språkpolitikk?”

Eg er full av ærefrykt for forsamlinga. Ikkje minst fordi eg er eit menneske som filologane likar best når eg uttrykker meg skriftleg. Dei elsker meg ikkje nødvendigvis då heller, men alt er relativt. Dialektane er alltid verre. Min er ein av dei som berre blir snakka av **ein** person.

Til saka: Andreas Hompland var invitert for å vera morosam. Det slepp eg. I staden skal eg vera konkret og praktisk. Eg har fått tre spørsmål å svara på og tek dei etter tur. Det første først:

**”Hvilke utfordringer eller problemer står det norske språk overfor slik du erfarer det på ditt virksomhetsområde?”**

Mitt utkikkspunkt er her ein journalistpult i 7. etasje over spor 1 på Oslo S. Derifrå ser utfordringane eller problema på mitt felt ut til å dreia seg mykje om **sparing**.

Dei store medieorganisasjonane sparar. Det skjer i stor grad gjennom nedbemanning. Både i papir- og nettmedia går dette ut over den språklege kvalitetskontrollen.

I nettredaksjonane har ein heilt frå starten etablert ein praksis der teknisk ordretting er einaste språkkontroll. Berre sjeldan blir ei nettsak lesen av andre enn journalisten sjølv før ho blir lagd ut på sidene.

I papirmedia har ein lange tradisjonar for korrektur og desking, men strategien pekar i same retning som nettavisene. Det er i utgangspunktet konstruktivt på den måten at ein arbeider for å gjera den enkelte skribenten meir medviten om ansvaret for eige språk. Vi blir rusta opp teknisk med betre ord- og språkkrettingsprogram.

Nedskjeringane fører imidlertid også til at det snart ikkje finst ein korrekturlesar igjen i redaksjonane. Like ille er det at **deskane** er slanka når det gjeld både tid og folk. På desken skjer det som kjent mykje gale. Mindre kjent er det at deskbearbeiding svært ofte resulterer i betre og meir korrekt språk i avisene.

I Aftenposten er vi heldige og har Per Egil Hegge, som skriv ei fast språkspalte i det redaksjonelle feedbackbrevet med dagleg evaluering av avisa. Men Hegge varer dessverre ikkje evig sjølv om vi kan bli narra til å håpa på det.

I fagbladet Journalisten, som kjem annakvar veke, finst også ei språkspalte sentralt plassert på baksida. Lars Aarønæs skriv den, og han får mykje respons.

Interessa og viljen til å ta språkutviklinga alvorleg er med andre ord til stades, og vi har fått nye reiskapar. Det **må** likevel gje dårlegare språk når **to** andre ledd i den redaksjonelle kvalitetskontrollen er blitt så sterkt redusert i papirmedia i løpet av få år, og nettet, som tek over lesarar, har lagt seg til arbeidsmåtar der språkrøkt har liten plass.

Mediespråket er eit viktig område for norsk språkutvikling og -vern. På godt og vondt. Derfor er dei redaksjonelle nedskjeringane ei utfordring til det nye kompetanseorganet for norsk språk, og den fører meg over på spørsmål 2:

## **”Hvilke oppgaver bør et nytt språkorgan ha – i et nasjonalt perspektiv og spesielt i tilknytning til ditt virksomhetsområde?”**

For det første bør også det **nye** organet ha som oppgave å gje oss mat til godt stoff. Framlegg til drastiske endringar i rettskrivingsreglane er eit framifrå tiltak i så måte. Som de ser framfor møtet i morgon, får vi mykje godt mediebråk og god mediekrangel ut av slikt.

For det andre ser eg at det nye språkorganet skal ha ein mediestrategi, som det heiter i høyringsbrev og prosjektskisse. Den skal ha som formål å gjera organet kjent og gje det eit positivt image i offentlegheita.

Eg er likevel meir oppteken av at det nye organet skaffar seg ein mediestrategi med eit heilt anna formål. Journalistar er ikkje berre produsentar av språkfeil og dårleg norsk. Vi står også for mykje positiv kreativitet i utviklinga og styrkinga av norsk som skriftspråk. Dei mange journalistane og redaktørane som sidan starten har hatt sete i Norsk språkråd, må vera ein erkjennelse av dette.

Denne tanken er det viktig å føra over til det nye språkorganet. Svært ofte er journalistar – i kraft av å vera nyheitsprodusentar – dei som først formulerer nye fenomen på norsk. Det skjer svært ofte innanfor knappe tidsrammer. Slik blir redaksjonane det som i dokumenta om det nye organet blir kalla ”sentrale språkbruksmiljø”, men dei blir det med heilt eigne behov. Ei proaktiv haldning til vern og utvikling av norsk språkkultur bør derfor innebera ein tett, vital og tilpassingsdyktig kontakt med norske redaksjonar.

Kontakten kan ta fleire former, men her er tre forslag:

Når nye fenomen skaper behov for ny terminologi, bør det opprettast **språklege adhocgrupper** av nyheitsfolk på feltet og språkkompetente fagpersonar.

**Kontakttelefonar** og **e-posttenester** som svarar raskt, det vil seia straks eller om ein time, bør etablerast og haldast i fast drift.

**Språkseminar i nyheitsredaksjonane** kan også vera gode arbeidsmåtar så langt dei ikkje er prega av pekefinger, men av openheit og respekt for den språkkompetansen og -kreativiteten som finst i dei språklege frontlinjene som redaksjonane er.

Målet er betre norsk. Utgangspunktet er det same for alle tre forslaga:

Hos oss er det av liten verdi at nokon kjem fire år etter og fortel oss kva vi burde ha skrive. Viktigare er det at nokon er tilgjengelege og kan hjelpa oss med å finna ut kva ord vi skal bruka **nå**.

Dette betyr at eg vil svara **ja** på det tredje spørsmålet:

## **”Trengs det nye veier i norsk språkpolitikk?”**

Samtidig vil eg svara **nei**.

Prosjektskissa, høyringsbrevet og kulturmeldinga signaliserer vegar eg trur er rette når det blir teikna opp eit kompetanseorgan som skal vera mindre prega av pekefingerar, språkstrid og dekret, og meir av samfunnskontakt, kommunikasjon og openheit. Som nemnt kan det likevel byggjast nye vegar til målet ved å auka tempoet og skapa større rørlegheit i vernearbeidet.

Viktigast på mitt felt er at det nye organet anerkjenner medieredaksjonane som travle språkutviklarar i frontlinja, og tilbyr samarbeid der ein anerkjenner både den

språkkompetansen som finst i redaksjonane, **og** dei spesielle krava som mediespråket blir til under, og rammene det må fungera innanfor.

Her finst nok av behov for eit nytt språkleg kompetanseorgan. Kom og fyll dei!

Takk for at de høyrde på!